


# Kyrkjelydsblad

## for Arna prestegjeld

Nr. 9

Arna Desember 1971

4. årgang



**JUL**  
**1971**

«La ingen miste  
hva godt din fødsel spår»

synger vi i en julesalme. Julen kommer altså med løfte om noe godt. Hva er så det?

Det er for det første *fred*. Det er jo julens store gave. Fred med Gud i en god samvittighet, det vil Frelseren gi oss. Blir denne freden mottatt i menneskehjerter, vil den forplante seg videre. Men begynnelsen ligger i det enklete menneskehjerte. Du må la freden få virke i deg.

Dernest bringer julen oss *håp*. Det var til en mørk og kald verden uten håp at juleevangeliet kom. Men han som kom, gav oss mennesker lys og håp. Vi står så ofte i situasjoner da vi trenger det. Slik er det når motgang møter, og aller mest når vi er stillet overfor dødens triste kjennsgjering. Uten håp er vi fattige, men har vi håp, da har vi frimod og styrke. Juleevangeliet vil si oss: nå er det gitt oss fremtid og håp.

Hvor der er fred og håp, blir der *glede*. Ingen høytid har slik evne til å skape glede som julen. La oss se til at det ikke bare blir

en ytre, overfladisk glede som fanger oss, men den dype, stille, sterke glede fra Jesus Kristus selv som får gripe oss. Da blir det sann glede som varer ved.

La julens høytid i år få gi deg fred, håp og glede.

K. S.

### Det året

då kong Uzzia døydde, såg eg Herren sitja på ein høg og hæv kongsstol, og slæpet på klædnaden hans fyllte templet. Serafar stod ikring honom. Kvar av deim hadde seks vengjer: med tvo gøymde dei andliti sine, med tvo gøymde dei føtene sine, og med tvo flaug dei. Og den eine ropa til den andre og sagde: «Heilag, heilag, heilag er Herren Zebaot all jordi er full av hans æra. Grunnen under dørstokkane riste når ropet ljoma, og huset vart fyllt med røyk. Då sa eg: «Usæl er eg, no er det ute med meg, for eg ein mann med ureine lippor, og eg bur millom eit folk med ureine lippor, og augo mine hev set kongen Herren, allhers drott.

Men ein av serafane flaug fram til meg, han hadde i handi ei glod som han med ei tong hadde teke på altaret. Med den rørde han med munnen min, og so sa han: «Sjá, denne hev rørt ved lippone dine, no er di misgjerd burte, og di synd sona. (Jes. 6,1-7).



## Svensk salme

av Frostenson

*Nynorsk omsetjing av Eirik Skjerve.*

Ei i stjernskarar kan me, Gud, deg finna,  
men hjå arme mannsborn vi du vera nær.

Nær som vinden når han stryk eit barn om kinnet.  
er du hjå oss, Herre, om me deg ei ser.

I vår naud og plaga ser du oss og spør oss:  
Vágar du å tru at eg er ogso der?

I ditt ljós, der finn eg gleder, fred og tryggleik.  
Barn i huset vil eg vera stødt hjå deg.

## Utanriksnemndi i Arna

var samla på Arnastova 6/11 til festleg middagsstemna som varde frå kl. 7.00 til midnatt. Dei sa det kosta kr. 30 for kvar couvert (for heimføringar lyt det ordet tydast: Det kosta 30 kr. pr. snute). Men so fekk me fin steik, is og kraffisup attåt. Men før me gjeng vidare er de vel nyfikne og vil vita kven som er med, og har vore med, i denne viktuge nemndi. Ho er frå 1931 då me alt var komne inn i dei vanskelege trettiåri. Firti år er ho longe, og sume av dei fyrste er ikkje lenger med i verdi, men nye er komne til so huset var fullt. I protokollen frå 6/11 1931 — ein fredag — er desse namni skrivne: Kari Garnes, Gjertrud Garnes signe og Bertha Garnes, Brita og Asta Presttun, Borghild og Johanna Wærn, Eli Ytrearne, Inga Arne, Astrid Finne, Inga Solberg, Anna Mjelde, Magnhild Lono, Inger Seim, Hilda Asheim, Klara Åland. Det vert truleg 18 tilsaman. Den kvelden nógde dei seg med kaffi og ny-steikte vafler. Dei nógde seg med det inntil dagen kom no. Som de ser av namnelista

so er me no komne inn i den bolken av soga vår då kvinnone tek sete i dei fremste nemndene våre. Mennene var mykje opp-tekne med gardsdrifti — her var stutalag og veraringar. Dei svarte og hynthe kyrne vart bytte ut i fjosane, og 1. premi-stuten «Ingemann», den likaste i heile Hordaland stod på «Soltun», Garnes. Det vart meir og feitare mjølk dei fekk på meieriet i Arna og fine kvigeflokkar var å sjå i Repadalen sumarstid. Det var då mange av dei gamle budeiene som mislika dette byte. Dei tykte svartfeet som før rådde grunnen var finare enn raudkollene. Men so kom det kalvkasting inn i buskapen på Stend. Dei laut slakta ned fjordfeet sitt og slaget var tapt.

Men frå fedrift og Repadalen til framan-de hav og land. Der utanriksflåten vår på 1345 skip sigla inn 7,4 mil. kr. Og no er 295 nye skip tinga på 11 mill. tonn. Me treng til folk som vil vera med flåten vår og som har kjærleik til sjøfolki våre. Mykje er gjort i desse 107 åri som er farne, men nye aksjonar og funksjonar trengs og. I 40 japanske hamnar er folk på plass til rådvelde og rettleiding for farande nordmenn. Dei finn dagleg kontakt gjennom radio. 6-7 hundrad lydband har dei. I høgtidene sender dei og norske songar og salmar ut til dei som sjeldan er i hamn. Det vart til åndeleg hjelp og styrke. Fiskebåtane på Vestkysten av Afrika fekk dei og nå. Det vart lenge imillom kvar gong dei fekk gjesta heimen sin på Karmøy. So vart det høgtid i høgtidiene og for deim. Me skynar alle kor naudsynt og godt det er å ha slike nemnder kring i landet vårt. Nemndi vår fekk ros og takk frå sjømannsmisjonen sine folk som og møtte fram. Frå sekretarane Kars-tensen, Myrstad, fru Borghild Hartveit Andreassen og Stensaker. Film hadde dei og med seg og synt fram. Resultatet for 1971 får me ikkje med, men eg har samandraget frå dei siste 24 åri og det var: kr. 59.450,—.

I takkeordi Stensaker bar fram var og ei oppmoding. Ha tru til Gud. Angst og uro kjem av vantru. Og ho driv oss burt frå Kristus. Trui driv oss til Herren vår.

I det festlege laget sakna me fru Songstad Karlisen som er sjuk. Ein song hadde ho skrive som me song ved bordet. Og so sokneprest Hollekim og kona hans. Det var i prestegarden i Arna dei tok opp arbeidet og der dei samlast dei fyrste åri. Me fekk helsing og brev frå dei, som fru Bratland las opp. Opplesing fekk me og elles — eg tenkjer på fin prolog av Gudrun Tunes, det var opningi på kvelden.

## Arna heradstyre sitt siste vedtak

Samrøystes freda dei den gamle eiki-tun-treet på Garnes. Og so song me: Intrata Bergensis av A.N. på hotel Norge no onsdag 24/11.

Ta på deg byklæna, husk at det hasta, Fanastril, Åsa-, Arna- i flokk.

Tidæ er kome og loddet æ kasta.

No æ da «Nystemten» Slutt med stev og lokk Ka sa eg. Ka sa eg. «Nokke for oss sjøl» vert vårt interkommunale brøl.

Fyrste sak i bystyret vert: Løyving til ferist på Kvamme. Men rådmann Supre veit 'kje om ku. Men Fløybanen vert lengd te Repadalen og lettare vert det for smalen.

Ka sa eg, ka sa eg —

det vert berre bønder att i byn.

Men for eit festbord og gjestebod av finaste slag. Arnold Nævdal styrde lyden flott og fint og med lyriske innslag. Innimillom friske talar av ordførar Eikeland, Hesjedal, Torkilsen, rådmann Revheim, Holtan — attersyn og framsyn. Om tunge kommunale lyft, sigrar og vokster. Ordføraren nemnde utjamning, utdanning, skule, helseheim, tryg debustaden i Breisteinslid, yrkesskulen på Garnes. Arna kommune vart berre ein epi-

sode, etter 3 års trulovingstid var det på tide med brudlaupsfesten. Hesjedal rekna fyremuner og ulemper me fekk, i marki og i administrasjonen. Vanskar og vonbrot for dei som laut byta arbeid og stad. Men strevet har vorte vellukka og hyggjelegt var det med festen me fekk no.

Torkilsen steig og fram. «Kjære godtfolk, takk frå alle tenestemenn i Arna». Holtan som har høyrte til kommunen al sin dag, hadde mykje å minnast. I skulen på Romslo var dei ikkje so mange elevar då som det er lærarar i dag. Leikeplassen var hallande og liten, men lærde vart dei i bøkene like godt som idag.

Rådmann Revheim kom og med takk og helsing. Men kven skulle han takke? Det laut verta dei kjære sambygdingane hans. Men var dette noko å festa for? Noko fleirtal for flyttesjauen var det heller ikkje i Arna heradstyre. Men betre var å hoppa enn krypa i det, men ulike kjensler hyste han likevel i bringa si. Salmestrofen: Sorgen og gleden de vandrer til hope og nyare viseutgåva: «Hvorfor være stor når en er lykkeligst som liten.» Eg nemnde fyrst freding av eiki på Garnes. Rådmannen kom og i hug ei gran han hadde lese om: «Låt oss lysna til ljuden frå den gran vid hvars fot vårt bu er festa». Han trudde og vona det skulle berga oss i den store eining. Den ljuden skal me lyssna til, og vona som han.

Men sumt anna skal og nemnast frå festkvelden. Holmefjord fekk By- og Heradsforbundet sitt heiderteikn for truge arbeid i politikken vår. Gjennom mange år. Som ordførar i Arna, formannskapslem og lem i tallause nemnder og utval. Han kjem diverre ikkje med i det nye bystyret vårt. Nemnast skal og blomane som Albrikt Hauge og k. og Johan Hugland og k. fekk som representantar for gamle Arna. Han Johan fekk dubbel porsjon med blomar han, for han las so fint og utaboks til lyden.



## Har du høyrte svallet om ein Ola Torsteinsrud?

Halling var han og husmandsdræng på prestegarden i Ål. Ein svær breidskuldra, sterk og fin skapnad som alltid kom gangande med krosslagde armar og med soldatstig. Slik og då far min kom for å sjå på det nye prestekallet sitt. Då kom han Ola for å taka imot hesten, og far spurde då: «Er du husbondsdræng her, du?» «Ja, skulle du inkje høyrte svallet um en Ola Torsteinsrud?»

Ein vintersdag på isen møtte han ein bonde som spurde: «Kæ æ du fyr ein kar?» «Slæen høyre te captin, hesten te lensmanna å eg tener hjå presten, so me høyre ikkje te bondeslækten nokon tå oss». Ein hardfôr kar. I skurden fekk han eit djupt sår av sigden sin millom tommel og peikefing. I friske handi kom han då med bek, kveikte eld på og draup ned i såret og banka det hardt i hop, utan å syna ei mine.

Tru og litande var han i tenesta si, men bry var det stundom og med honom. For ender og gong drakk han seg full og var då ikkje te styra. Som eld i gras lydde det då: «Torsteinsruen e full» og redde vart me. Støtt fann han då på å ri inn i gongen og opp i troppi på den borkete hesten sin — Storeborkjen. Det dyret var han glad i og mykje kry av. «Torsteinsruen og Storeborkjen høyre ihop», ropa han då so det skok i heile huset. I slike stunder var det einast mor som kunne staggja honom. Ho fekk han i seng og der sov han rusen ut.

Denne drengjen var mykje innteken i

Salhuskvartetten vitja oss og og hyggjeligst var det alt saman. Sutene kom fyrst på heimvegen. Medan me festa vart det klimabyte i landet. Vondt vart det då å koma heimatt på elvevegar og hålka, men det gjekk vel med oss alle.

Gjertrud — som me nyss høyrde um — og fridde til henne. Litt pengar hadde ho i banken og høvde elles til honom og. Men: «Kom inte å snakk med meg om gifting — trur du e e så dom, så eg vil gifte meg, å nei. E har sett for mye te mannfolka te de. Ein gong, ville eg gifta me, men han «far» berga me frå det, og det ska eg takke for alle mine daer, for det var ein mann med 6 barn, og ein svær fyllefant, så det hadde vorte bare elendigheta — og du får tie med gifting, for e vil væra hos en far å a mor, så lenge eg lever». Og med slikt klårt avslag laut Torsteinsruen slå seg til ro.

Då han «far» døydde steig han Torsteinsruen fram som sin hjelpesmann og forsvarar. Dei vart pålagde «Åbod» som var heller dryg. Torsteinsruen kom då med sine krosslagde armar og rake haldning og mælte med stor tyngd: «Ein ting vil e sea deg, og det er, at dersom du vil taka så stor åbod ta a mor, so riv e ned att den steinmuren, e ha mure op kring stølsvollen, e har lagt up koreinaste stein, og er kar fyr å rive ned att kor einaste stein å, dersom du inkje vil erstatte a mor alt det 'n far har kosta på her i gala». «Meiner du det, min kjære Ole» spurde nyemannen godsleg. «Ja e meinte det, og e' ska holde ord, det skal du få sjå». Forlikte vart dei, muren vart standande.

Eit varande minne har eg etter denne husbondsdrængen då han stod på troppi med tårer på kinn og tok avskil med kvar ein av oss. «Ja, du fær live vel. Takk fyr samværet. Du får gjeva me te fyr alt gali, e' meinte det inkje vondt — e gløymer dek aldrig».

(Or Karen Stenersens livsminne frå Ål kring 1840).

## Kyrkjevener

«Kyrkjeven»? Truleg er det eit nytt ord for deg. Sjølv har eg berre ått det eit halvt års tid — eg fekk det frå U.S.A., frå Wisconsin. Ein ungdomsven av meg bar det yver hav. For eg kom te spyrja etter ein kjenning — utvandrar eg visste budde i same staten. Og so fekk eg då ordet: «Jau, me er kyrkjevener me». Eg stussa yver det eg høyrde. Men me kan ikkje ta det so nøgje det me høyrer stundom frå amerikanarar som kanskje gløynde morsmålet sitt. Eg spurde ikkje oppatt, men leita meg fram til den rette meining for meg sjølv. Ordet var fyllt av meining. Eg som var bunden til norske tilhøve var freista til å tenkja på «kyrkjesyn», organisasjon, venelag og anna heimslegt norsk. Eller var dei gjestebodsvener tru? Me har då venskap av so ymse slag. Barndomsvenner, vener frå yrkeslivet vårt, skyldfolk, naboar. — Nei, samla dei spreidde tankane dine og ta ordet som det lyder. Kyrkjevener er dei som sat saman i kyrkjestolane på Herrens dag. Dermed basta. Ut frå denne sed og hending veks då fram sannt og ekte venskap. Slett ikkje so at det vart berre nokre få og utvalde jamaldringar venskapen nådde fram til. Han femnde om alle. Dette har til no vore «sælaste samfunn å kjenna i vårt norske folk. Men me er åt å missa det no. Me lyt til å berga det att. For vår eigen del og for våre frendars skuld som bur imillom oss. Alle nye innflyttarane våre. Me treng til samfunn med kvarandre skal me bu saman. Eg veit ikkje om enklare veg — å skapa det på, enn rett og slett koma saman sundag kl. 11.00 i kyrkja vår. Eg høyrer stundom ordet «aksjon». Noko nervøst og storveges skal det vera. Eit ekte norsk skipertak. Slikt er ikkje i mine tankar no. Men er det nokon som skynar det eg skriv

I min forretning  
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp

*Kleiveland*  
URMAKAR

5260 Indre Arna — Tlf. 40 496

### Det levende ord

Mange mener at Bibelen bare er en samling av moralbud, historiske fortellinger og religiøse dokumenter. Slik blir Bibelen en upersonlig og uforpliktende bok for de fleste. Men Bibelen selv presterer seg som Guds ord. Gjennom denne boken vil Gud tale til oss idag.

Det fortelles om en liten jente at hun hadde kjøpt en bibel til sin fars fødselsdag. Hun ville gjerne skrive noen ord til faren i den, men det var vanskelig å finne noe som passet. Til sist undersøkte hun i farens bokhylle. Kanskje stod det noe brukbart i de andre bøkene. I en av bøkene fant hun: Med hjertelig hilsen fra forfatteren. Det syntes hun var så bra at hun skrev det foran i Bibelen.

Faren ble ikke lite forbauset da han leste dette: Hilsen fra forfatteren. Slik hadde han aldri tenkt det før. Og så ble ordene et støt som satte han i gang med å lese Bibelen på en nye måte.

I Bibelen møter vi ordet fra Gud. Jesus Kristus er Guds ord til oss. Han er det evige livs ord. Og dette er Guds hilsen: Alle som tar imot Ham, gir han rett til å bli Guds barn i tid og evighet.

I Bibelen møter vi ordet fra Gud. Jesus Kristus er Guds ord til oss. Han er det evige livs ord. Og dette er Guds hilsen: Alle som tar imot Ham, gir han rett til å bli Guds barn i tid og evighet.



kunne dei leida ein bror eller ei syster i næraste naboskapen med inn i dette enkle samfunn og venskap. Men ifall ingen kjem til deg — det er vel mest truleg — so vere dette ei helsing og ei påminning til deg. Du får sjølv leita deg fram. Her er so mange innvandrarakar til Arna og no. Liatun, Stølsvegen, Lonedalen — framande folk. Lat det ikkje vera so som eg høyrer det sume stader er: Folk er like framande for einannan endå dei budde i same grenda i mange år. Gildt er det og å kjenna folki frå andre strøk i bygdj vår. Me vaks oss saman til eit folk og ein kyrkjelyd.

*Hjarta mitt derute kolnar,  
verdi er so kald og grå.  
Trui visnar, voni folnar.  
All vår lukka er so ryr,  
Synd og sorger aukar på.  
vener skilst og hugnad flyr.  
Rakel græt ved barnebåra,  
kven kann turka hennar tåra?*

*Kristne, med me her skal vandre.  
lat oss trutt på fedrevis.  
Beda saman med kvarandre,  
glade syngja Herrens pris.  
Gud, til deg vårt hjarta drag,  
sign vår kyrkjegang i dag.  
Strålar frå di åsyn falle  
yver oss og yver alle.  
(Nr. 30 i salmeb.)*



### Vår mann i Arna Kåre Fyllingen

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring, og står til tjeneste med råd og veiledning

### Storebrand og Idun

Adresse: Stølsv. 100 B  
5260 INDRE ARNA

### Kyrkjelege handlingar

#### DØYPTE I ARNA:

- 13.10. John Patrick og Matz Christian, foreldre. Kåre Brekke Olsen og Rigmor Berit f. Talling. (I Slettebakken kyrkja).
- 23.10. Svein Olav, for.: Sverre Gunvald Husøy og Kjellaug Johanna f. Haukefær.
- 23.10. John, for.: Øyvind Garvik og Edith f. Myrbakk.
- 23.10. Liv Kristine, for.: Harald Eriksson og Signe f. Kanikeberg.
- 23.10. Berit Selma, for.: Bernhard Karolius Olsen og Margareth Judith f. Olsen. (I Birkeland).
- 24.10. Rita, for.: Arne Gudmund Hjartnes og Solbjørg f. Kvam.
- 31.10. Magnar Johannes, for.: Kjell Børve og Tone Britt f. Flatås.
- 31.10. Kjetil Richard, for.: Ove Skjoldal og Tove Johanne f. Skjælø.
- 6.11. Jan Erik, for.: Leif Trygve Oppedal og Aud Berit f. Korneliussen.
- 6.11. Roger for.: Arvid Norvald Leiknes og Vigdis Irene f. Grimelid.

- 6.11. Solveig, for.: Magne Tuft og Elsa Johanna f. Unneland.
- 6.11. Marianne, for.: Mons Johan Bøe og Marit f. Hellevang.
- 6.11. Vigdis Christin, for.: Vagleik Natås og Jorunn f. Lothe.
- 6.11. Siren, for.: Bjørn Olaf Nøkling og Annbjørg f. Garnes.
- 6.11. Lin Birgitte, for.: Hans Agnar Torsvik og Venke Karin f. Eriksen.
- 7.11. Trond, for.: Tore Pedersen og Grethe Oddny f. Overøje.
- 13.11. Kenneth, for.: Harry Leif Larsen og Målfrid f. Monslaupe.
- 13.11. Anette Marie, for.: Malvin Johan Halland og Annbjørg f. Henriksen.
- 13.11. Yvonne, for.: Terje Angelskår og Inger Helen f. Rondestveit. (I Oppsal kyrkja).
- 13.11. Hege, for.: Torstein Ludvik Korneliusen og Olaug f. Aasheim.
- 27.11. Sigrud, for.: John Kristian Moldestad og Ingunn f. Husøy.
- 27.11. Christina, for.: Sverre Emil Lindøe og Aud Berit f. Skjoldal.
- 27.11. Bjarte Emil, for.: Asbjørn Sven Aknes og Jorunn f. Skaar.
- 27.11. Erik, for.: Ernst Bergsvåg og Anne-Grethe f. Anthun.
- 21.11. Ole-Christian, for.: Age Tobias Grødem og Astrid Eline f. Strand. (I Årstad.)
- 21.11. Marit, for.: Tor Bjørn Høisæter og Hildeborg f. Hjeltnes. (I Ulvik k.)
- 28.11. Arve, for.: Gunnstein Skagen og Magnhild Cicilie f. Hauge.
- 28.11. Andre, for.: Birger Adlandsvik og Solveig f. Kalnes.
- 28.11. Kirsti, for.: Kjartan Myklebust og Bodil f. Tangvik.
- 27.11. Kristin, for.: Terje Akselberg og Aud f. Andreassen.

#### VIGDE:

- 6.11. Bjørn Reidar Brakestad — Ragnhild Thornquist
- 6.11. Reidar Asheim — Kari Valestrand.
- 6.11. Helge Hekland — Anne-May Nelly Paulsen
- 6.11. Halvin Harald Folkestad — Anne Grethe Olsen.
- 13.11. Arvid Hilstad — Kjersti Brunborg.
- 13.11. Roald Lothe — Berit Bogetveit
- 30.10. Nils Jakob Bøe Overå — Anne Karin Huse.
- 27.11. Jan Erik Erstad — Reidun Kleive-land.
- 27.11. Svein Age Presthus — Åse Frantzen.
- 11.12. Oddvind Bruflo — Gunn Berit Fjellanger.
- 11.12. Sondre Nordbø Kåfjord — Ann-Irene Kleppe.

#### AVLIDNE:

- 10.11. liten gut Trond Pedersen f. 1971.
- 14.11. jarnvegsarb.kona Klara Omilla Thunestvedt f. 1894.
- 21.11. forretningsdame, enkja Grace Arnesen f. 1919.

### Skal det vera

markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ

Eg sel og stålrøyrskyvestigar med flate røyrtrinn og kletørkestativ frå Ferro-Stålindustri

**MAGNUS BORGE**

5233 Haukeland Telefon 40021



ALT I  
GRAV-  
MONUMENTER

**Espeland Gartneri**

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå  
Telefon 40809 — Espeland

**SPAREBANKEN —  
Banken for innskytarane**

er skipa for å stå til teneste for  
Dykk, og vi ville gjerne at De kom  
innom banken slik at vi kunne fortelje  
Dykk korleis De kan nytte denne ten-  
esta. **Velkomen i banken**

**HAUS SPAREBANK**

Alt i bøker, papir, gramo-  
fonplater og leiker får De  
hos

**F. BEYER**

**Bok og papirhandel  
Indre Arna**

**J. BERSTAD**

**Filial Indre Arna**

Jernvarer. Verktøy. Beslag.  
Sport og camping.  
Glass og steintøy.

*Vakre blomar frå*

**Trygve Garnes gartneri**

Telefon 40401, Garnes  
og utsal Indre Arna Tlf. 40415

**STØRRE BARNETRYGD**

Barnetrygda vert no utbetalt kvar måned  
La pengane gå direkte inn på konto i  
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken  
kva kontotype som passar best.  
Pengane står alltid til disposisjon.  
Rente opp til 5 pst. p.a.

**ARNA PRIVATBANK**

**Preikelista**

**Sundag 19. desember 4. s. i advent:**

Arna: Res. kap. Gamleheimen. Soknepresten.

**Julaftan:**

Ytre Arna: Res. kap. Ondre Arna: Soknepresten. Kl.  
15.00 og kl. 16.00. Gudstenesta kl 15.00 gjeld serleg  
dei som har lengst veg, for då går det bussar.

**1. juledag:**

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap. Offer til  
Norsk Misjonsselskap.

**2. juledag:**

Trengereid: Res. kap.

**Nyttårsdag:**

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap.

**2. nyttårsdag:**

Arna: Res. kap. Ytre Arna: Soknepresten.

**Sundag 9. januar. 1. s. e. Kr. openb.:**

Arna. Lækjar Oddvar Mestad og kona vert vigsla til  
misjonærar

**Sundag 16. januar. 2. s. e. Kr. openb.:**

Arna: Res. kap. Trengereid: Soknepresten.

Bladstyrar er Sokneprest **E. Tesdal, Indre Arna.**

Forretningsførar: **Olav Hartveit, Garnes.**

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: **310444.**

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —